



Arkivnr: 2014/15743-2  
Saksbehandlar: Linda Farestveit

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		16.09.2014

### Tiltak mot rus i dei vidaregåande skulane

#### Samandrag

I Fylkesutvalet 12.03.14 sette Mona Røsvik Strømme på vegner av Høgre fram oversendingsforslaget: "Ber om sak om tiltak for å forhindre rusmidler i den vidaregåande skolen." Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen.

Opplærings- og helseutvalet bad i referatsak RS3914 om ei sak til neste møte.

Hordaland fylkeskommune har ei klår linje mot rus i den vidaregåande skulen og har sett i verk fleire tiltak for å auka kompetansen om rusbruk, forhindra at elevar startar med rusmidlar og auka kompetansen om korleis ein skal handtera elevar som brukar rusmidlar.

Skulen skal fremje god helse og bidra til ei positiv personleg og sosial utvikling hos elevane, og gjennom dette førebyggje rusproblematikk. I nasjonal og internasjonal forskingslitteratur blir det framheva at skulen bør ha ei viktig rolle. For å sikre gjennomføring av førebyggjande innsatsar legg fylkesrådmannen vekt på at tiltaka må vere kunnskapsbaserte og forankra i kommunale planar.

Vidare arbeid med tiltak mot rus vil bli forankra i arbeidet med den helsefremjande skulen i tråd med vedtak frå fylkestinget 1.3.2014, *Handlingsprogram 2014–2017 Regional plan for folkehelse i Hordaland 2014–2026*. Fylkesdirektør for opplæring har sett ned ei prosjektgruppe og sett av ein rådgjevar med 50% tidsressurs for å koordinere og følgje opp arbeidet med ein overordna handlingsplan for det helsefremjande arbeidet i skulane. Det skal leggjast vekt på tiltak for å fremje ei god psykisk helse. Tiltak mot rus skal gå inn som ein del av dette arbeidet, og fylkesrådmannen vil invitere eit breitt utval av lokale kompetansmiljø til å kome med innspel i prosessen. Handlingsplan for helsefremjande skular skal leggjast fram for politisk behandling våren 2015.

#### Forslag til vedtak

**Opplærings- og helseutvalet tek saka til orientering og sluttar seg til fylkesrådmannen sitt forslag om å utarbeide ein tiltaksplan mot rus i tråd med føringar i *Regional plan for folkehelse i Hordaland 2014–2026***

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 28.08.2014

## 1.0 Kort om kva forskning seier om skulebaserte tiltak mot rus og skulen si rolle i førebyggjande arbeid.

### 1.1 Kva eit godt læringsmiljø betyr

Forskning viser at det er samanheng mellom ulike problemområde, og at førebygging retta inn mot eitt problem vil kunne virke inn på eit anna. Med bakgrunn i forskning (Nordahl m.fl, 2005) kan ein identifisere tre byggesteinar i skulane sitt førebyggjande arbeid:

- Skulesamarbeid med foreldre/føresette og lokalmiljø
- Eit godt læringsmiljø – skulane har ein strategi når det gjeld kva godt læringsmiljø inneber
- Ein heilskapleg plan for førebyggjande tiltak

Det er fleire risikofaktorar knytt til skulen når det gjeld rusåtferda til ungdom (Bremberg 2002).

- Skulemiljø med mange elevar med lav motivasjon for læringsarbeidet, svake læringsresultat, og negative haldningar til skulen generelt
- Manglande plan for det førebyggjande arbeidet ved skulen
- Uklare reglar
- Ikkje-støttande læringsmiljø
- Dårlige relasjonar mellom lærar og elev
- Svak lærarkompetanse

Liten grad av elevmedverknad, liten støtte frå lærarane og få krav til elevane ser ut til å ha ein samanheng med høgare konsum av tobakk og alkohol.

Å skape gode fellesskap gjennom trivselsskapande tiltak er likevel ofte ikkje tilstrekkeleg for å oppnå rusfritt fellesskap. Nordahl m.fl. etterlyser større bruk av målretta førebyggjande tiltak som er kunnskapsbaserte. Med det meiner dei tiltak med sannsynleg dokumenterbar effekt. Undersøkingar viser at mange tiltak i liten grad er baserte på kunnskap og anbefalte tilnærmingar.(BFD/KUF 2000, NOU 2003:4)

### 1.2 Vanlege strategiar i skulen:

- **Informasjonsbaserte strategiar** – opplysning og fokus på skadeverknad. Slike strategiar kan i liten grad dokumentere førebyggjande eller helsefremjande effektar.
- **Alternative strategiar** – fokus på alternative positive aktivitetar skal redusere rusmiddelbruk. Forskning viser at alternative tilnærmingar aleine ikkje kan dokumentere førebyggjande og/eller helsefremjande effektar, men kan gå inn som eitt av fleire element i ein samla strategi
- **Affektive strategiar** – tiltak for å skape kjenslemessig engasjement gjennom fokus på fremjing av sosiale dugleikar. Det kan vere trening i å ta aktive verdival. Programma gjer bruk av til dømes film, teater, rollespel m.m. Det er berre dokumentert førebyggjande effekt av eit lite knippe av slike effektive strategiar.
- **Sosial-kognitive strategiar** – Gjennom slike strategiar forsøker ein å påverke det sosiale miljøet i retning av mindre nytte av rusmidlar. Fokus er dermed flytta frå individet isolert til å legge vekt på ei meir heilskapleg forståing av åtferd. Gjennom omfattande internasjonal tiltaks- og programforskning blir sosial-kognitive strategiar gjennomgåande positivt vurdert. (Schancke 2005:41)

### 1.3 Studiar på effekt av tiltak

Nordnorsk kompetansesenter har på oppdrag frå Sosial- og helsedirektoratet evaluert ulike rusførebyggjande program som har som mål å påverke rusåtferd. Vurderinga er gjort på grunnlag av dokumentasjon som er sendt inn frå ulike programeigarar. Dei fleste norske programma vart vurdert til kategori 1. Det vil seie at det blir vurdert som lite sannsynleg at programma vil gi resultat i form av endra rusåtferd på grunn av manglande teoretisk og empirisk grunnlag.

NOU rapport 2003:4, Forsking på rusmiddelfeltet såg nærmare på effekt av ulike skulebaserte tiltak og kom fram til følgjande hovudkonklusjonar:

- Interaktive program er meir effektive enn «didaktiske» undervisningsmetodar.
- Kunnskap om rusmidlar og faren ved desse aukar hos elevane. Funna er samanfallande i alle evalueringar og program. Haldningar og åtferd blir i mindre grad påverka.
- Tiltaka hindrar i svært liten grad at unge byrjar med narkotika. Det er berre vist kortvarig effekt, målt i forskjellar mellom intervensjons- og kontrollgrupper. Gode, robuste studiar med lang oppfølgingstid manglar.

Rapport frå Kunnskapssenteret nr 7–2012 går gjennom nyare forskning og finn noko meir positive konklusjonar:

- Omfattande skulebaserte tiltak mot bruk av alkohol og marihuana er effektive for å førebyggje bruk av både alkohol og marihuana hos 10-15-åringar.
- Skulebaserte tiltak mot illegale rusmidlar, som legg vekt på ferdigheit, er truleg effektive for å førebyggje bruk av harde rusmidlar hos barn og unge.

## 2.0 Pågåande innsatsar i HFK for å førebyggje rus i 2014 -15

Hordaland fylkeskommune har ei klår linje mot rus i den vidaregåande skulen, og dei fleste tiltaka er retta inn mot å auke kompetansen om rusbruk, forhindra at elevar startar med rusmidlar og auka kompetansen om korleis ein skal handtera elevar som brukar rusmidlar.

### 2.1 Døme på kunnskapsbaserte skulebaserte tiltak mot rus

Stiftinga Bergensklinikkane har utvikla programmet «Kjentmann». Dette er eit beredskapsverktøy til bruk i skuleverket utvikla på oppdrag frå Rusmiddelpolitisk råd i Bergen kommune. Utviklingsarbeidet var eit samarbeid mellom Stiftelsen Bergensklinikkane og ei lokal ressursgruppe som bestod av elevar, lærarar, sosialarbeidarar, helsearbeidarar og kulturarbeidarar. Opplegget har som føremål å gje kunnskap om konstruktive handlingsalternativ. Opplæringa skjer gjennom ei seminarrekke og omfattar blant anna generell innføring i ungdom og rusproblematikk, innføring i kommunikasjon og samtalemotodikk i forhold til rus, og oversikt over aktuelle samarbeidspartnarar for skulen. Seminarrekka er bygt opp omkring førelesingar, diskusjonar og øvingar. Grunnleggjande for "Kjentmann" er at skulen korkje skal overreagere eller vere likegyldig, men bringe eleven vidare i hjelpeapparatet på ein ivaretakande måte og i eit tempo eleven kan følgje. Ein ambisjon bak "Kjentmann" er å gje elevar med eit begynnande rusmiddelproblem ei oppleving av omsorg og inkludering frå skulen si side; ikkje avvising og fordømming. "Kjentmann" gjev råd i forhold til å oppdaga og sjå elevar med rusproblematikk, kommunikasjon og samtale om rus og eksterne samarbeidspartnarar for skulen. Nokre vidaregåande skular har fått opplæring i dette, og Hordaland fylkeskommune ønskjer at fleire vil nytta seg av det. Fylkesdirektør for opplæring har informert og oppmoda skulane til å nytta seg av dette opplegget, og vil samarbeide tett med Stiftelsen Bergensklinikkane om vidare utvikling av skulebaserte tiltak mot rus for ungdom mellom 16 og 19 år.

### 2.2 Arbeid mot doping i idretten

Hordaland fylkeskommune er også i gong med ei omfattande satsing på førebyggjande arbeid innan antidoping. For gutar er det ofte ein nær samanheng mellom doping og rus. Arbeidet mot doping er soleis eit viktig arbeid for å forhindre at fleire rusar seg. Stiftinga Antidoping Norge og Hordaland fylkeskommune har inngått eit samarbeid om å arbeida mot bruken av doping og å arbeide for å spreie kunnskapen om dei negative konsekvensane ved bruk av doping. Prosjektet starta opp hausten 2013 og går over to skuleår. Eitt av tiltaka er eit skuleprosjekt som inneber opplæring av skulen sine elevar, lærarar og tilsette om doping, kunnskap om dopingrelaterte forhold i "nærmiljøet" og tilbod om eigne undervisningsopplegg som kan nyttast på skulane. HFK samarbeider tett med Antidoping Norge og har finansiert ei 50 % prosjektleiarstilling i 2 år for å setje det førebyggjande arbeidet på dagsorden i alle skulane i HFK. Prosjektleiar skal mellom anna besøkje alle dei vidaregåande skulane i Hordaland, ha undervisning og

samtale med elevar, lærarar, helsesøster og faglærar på dei respektive skulane, dessutan besøkje utvalde lærarsamlingar.

### 2.3 Deltaking i forskingsundersøkingar

Det er behov for å auka kunnskap om kva rusførebyggjande tiltak i vidaregåande skule som kan bidra til endra elevåtferd. Våren 2014 blei det gjennomført eit svært interessant forsøk i regi av UIB ved tre av dei vidaregåande skulane i HFK. Forskarane prøvde ut to ulike førebyggjande tiltak/program ved tre skular i forkant av russefeiringa (Ein skule var kontrollgruppe utan å delta i førebyggjande program). Elevane som deltok i forskingsundersøkinga, svarte på eit spørjeskjema i forkant og etterkant av russetida. Føremålet var å sjå om ein kunne spore endring i alkoholbruk som resultat av ei meir interaktiv tilnærming gjennom bruk av ein simulator. Resultatet av undersøkinga viste at elevane som hadde gjennomført ei kort trening med simulator, hadde best forståing av korleis alkoholen blir teken opp i kroppen to månader etter opplæringa, men dei fann ingen effekt på drikkemønsteret i russetida. Opplæringsavdelinga vil også i det vidare samarbeide med eksterne forskingsmiljø for å auke kunnskapen om ungdom og rus.

### 2.4 Samarbeid kring heilskapleg tilnærming til førebygging og oppfølging

Ein heilskapleg innsats må vere godt forankra i lokalmiljø og inkludere kommunale, statleg og frivillig sektor. HFK er ein del av SLT-nettverket i Bergen kommune. Hordaland politidistrikt og Bergen kommune har samordna tiltaka i det rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeidet for barn og unge etter SLT-modellen (Samordna lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak.) Målsettinga med modellen er å medverke til ei forpliktande samordning av tiltak og metodar mellom politi og kommune som verkar rus- og kriminalitetsførebyggjande. Tiltaka skal støtte opp om, utviklast og forankrast i ordinær verksemd. I SLT-samarbeidet skal ein også søkje å engasjere frivillige organisasjonar, privatpersonar, næringsliv, foreldre, og ungdom. Opplæringsavdelinga v/leiarane i seksjon skule og OT/PPT deltek i styringsgruppa for SLT. I dei bydelsvise SLT-nettverka deltek representantar frå OT/PPT og leiinga ved dei vidaregåande skulane i Bergen kommune.

SLT-modellen si hovudmålgruppe er barn og unge, og særleg:

- barn og unge som har vanskelege oppvekstforhold.
- barn og unge som rusar seg og/eller gjer lovbrøt.
- barn og unge som gjer, eller kan tenkjast å gjere handlingar som er til skade for seg sjølv eller andre.

### 3.0 Konklusjon og planar for vidare styrking av det rusførebyggjande arbeidet i dei vidaregåande skulane

Skulen skal fremje god helse og bidra til ei positiv personleg og sosial utvikling hos elevane, og gjennom dette førebyggje rusproblematikk. I nasjonal og internasjonal forskingslitteratur blir det framheva at skulen bør ha ei viktig rolle. For å sikre gjennomføring av førebyggjande innsatsar legg fylkesrådmannen vekt på at tiltaka skal vere kunnskapsbaserte og forankra i kommunale planar. Vidare arbeid med tiltak mot rus i Opplæringsavdelinga og skulane vil bli forankra i arbeidet med den helsefremjande skulen i tråd med vedtak frå fylkestinget 1.3.2014, *Handlingsprogram 2014–2017 Regional plan for folkehelse i Hordaland 2014–2026*. Fylkesdirektør for opplæring har sett ned ei prosjektgruppe og sett av ein rådgjevar med 50% tidsressurs for å koordinere og følgje opp arbeidet med ein overordna handlingsplan for det helsefremjande arbeidet i skulane. Det skal leggast vekt på tiltak for å fremje ei god psykisk helse. Tiltak mot rus skal gå inn som ein del av dette arbeidet, og fylkesrådmannen vil invitere eit breitt utval av lokale kompetansmiljø til å kome med innspel i prosessen. Handlingsplan for helsefremjande skular skal leggast fram for politisk behandling våren 2015.

### Kjelder

[http://www.udir.no/Upload/Rapporter/forebyggende\\_innsatser/5/Forebyggende\\_innsatser\\_rus.pdf?epslangu age=no](http://www.udir.no/Upload/Rapporter/forebyggende_innsatser/5/Forebyggende_innsatser_rus.pdf?epslangu age=no)

Nordahl, Thomas; Mari-Anne Sørli, Terje Manger og Arne Tveit (2005): *Atferdsproblemer blant barn og unge. Teoretiske og praktiske tilnærminger*. Fagboklaget

Bremberg, Sven (2002): "Kan skolan minska ungdomars bruk av alkohol?", i Andreasson, Sven (red.), *Den svenska supen i det nye Europa - Nya villkor for alkoholprevention: en kunnskapsöversikt*, Statens Folkhälsoinstitut, Rapport nr. 2002:11, s. 137-158

Schancke, Vegard A. (2005): *Forebyggende og helsefremmende arbeid, fra forskning til praksis. En kunnskapsoppsummering med råd og anbefalinger*. Skrift Nr. 1/2005. Nordnorsk Kompetansesenteret – Rus, ved Nordlandsklinikken.

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/nouer/2003/nou-2003-4/13/4.html?id=584114#>